

## Allemannsretten

Ein viktig del av kulturarven vår er å vere ute i naturen. Vi har frå gamalt av hatt rett til å ferdast i skog og mark – etter elvane, på innsjøar og i skjergarden – og til fjells uavhengig av kven som eig grunnen.



Allemannsretten gjeld i utmark og inneber at du også har plikter når du er ute i naturen. Hugs å lukke grunder etter deg og vis omsyn til dyr på beite. Har du hund, respekter bandtvangen i tida 1.1 – 20.8. Ver også varsam med eld – hugs at du ikkje kan tenne bål i nærleiken av skogsmark i tida 15.4 – 15.9. Dersom du lagar bål i strandkanten – ikkje legg bålplassen rett på svaberg slik at berget sprekk opp. Med telt kan du fritt overnatte same stad i utmark inntil 2 døgn i låglandet, utan å spørje grunneigar. Men hugs at du aldri skal setje opp teltet nærare enn 150 m frå hus eller hytte der det bur folk. Ver nøye med å rydde når du dreg.

**Utmark** er udyrka mark, og omfattar det meste av vatn, strand, myr skog og fjell i Noreg. Udyrka mindre areal i dyrka mark reknast ikkje som utmark.

**Innmark** er all dyrka jord; åker, eng, kulturbeite, hage - og i tillegg yngre plantefelt, gardsplass, hustomt og industriareal.

## BERGEN OG OMLAND FRILUFTSRÅD

Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) er eit interkommunalt samarbeidsorgan som forvaltar nærare 180 friluftsområder på ca 25.000 dekar i Bergen og omlandskommunane Askøy, Austevoll, Austrheim, Fjell, Fusa, Lindås, Meland, Os, Tysnes, Samnanger, Sund, Radøy og Øygarden. Medlemskommunane har eit samla folketal på omlag 328.000. BOF har 10 fast tilsette. Verksemda finansierast i hovudsak av kontingent frå medlemskommunane, tilskott frå stat og fyl-

keskommune, samt inntekt frå drift av båtopplag og utleie av bygningar. BOFs hovudoppgåve er i samarbeid med medlemskommunene, offentlege etatar på ulike nivå og interesserte organisasjonar å arbeide for sikring, tilrettelegging og drift av friluftsområder av forskjellig slag til allment bruk, samt å arbeide for større forståing for friluftslivets verdi, betre friluftskultur og utbreiing av friluftslivet.

**Bergen og Omland Friluftsråd**  
Hellebakken 45  
5039 Bergen  
Tlf: 55 39 29 50  
[WWW.BOF.NO](http://WWW.BOF.NO)

Austevoll kommune




## Horgo friluftsområde



**BERGEN OG OMLAND  
FRILUFTSRÅD**

# Horgo friluftsområde




## Velkommen til Horgo!

Horgo i Austevoll ligg ut mot storhavet mellom Møkster og Stora Karlsøy, med utsyn mot Marsteinen fyr. Her var det ein gong eit lite lokalsamfunn med eigen skule, men øya har no vore utan fast busetnad i ei menneskealder.

Friluftsområdet er eit tidligare småbruk på omlag 60 dekar på nordvestre delen av øya. Området er i Austevoll kommune si eige, men vert forvalta av Bergen og Omland Friluftsråd. På eigeidomen står eit eldre våningshus som rundt 1990 vart restaurert utvendig og innvendig.

Inne i Vestrevågen (Borgevåg på sjøkartet) er det god hamn, men det kan vera vanskeleg å



koma inn her når sjøen står på frå vest og nordvest. Austrevågen er ei god hamn i vestavær, men her er ein del grunnar. Ankring skal skje på Friluftsrådet sin kaiplass innst i Austrevågen (sjå kart). Følgj sti frå kaiplass fram til huset.

På Horgo beitar ein gamal norsk spelsaurase

som gjerne går under namnet “villsau”. Sauen går ute heile året. Hundar må haldast i band!

Utanom friluftsområdet er Horgo i privat eige. Gjestar må ta omsyn til dette og respektera private eigedomar.

## Leige av friluftsrådets hus på Horgo

Huset har kjøkken, stue, gang og vaskerom i 1. etage og 5 soverom i 2. etage. På grunn av brannforskriftene blir huset ikkje leigd ut til fleire enn 10 personar. Sovepose må ein sjølv ha med.

Huset har innlagt vatn, men ikkje straum. Ta med stearinlys og lampeolje, og eventuelt batteriradio. På kjøkkenet er det kokeplate med propangass, kokekar og dekketøy. I stova er det vedovn, elles inga oppvarming. Ved lengre opphald må ein ta med ved.

Vatnet kjem frå ei stillestående dam, vi rår difor til at drikkevandet vert kokt. Det er utedo. Ta med toalettpapir.

Dei som leiger huset pliktar å rydda og gjere reint etter seg. Hugs å ta med matrestar! Forlat huset slik du sjølv ynskjer å finna det. Ta kontakt med Friluftsrådets kontor dersom det er noko som ikkje er som det bør vera.

### Utleigeprisar og vilkår:

Dagsbesøk, uansett antall: Kr. 200,-  
Overnatting, helg: Kr. 400 pr. døgn for 1-10 personar.  
Overnatting ukedager (mandag til fredag): Kr. 200 pr. døgn for 1-10 personar.

Huset kan tingjast ved å kontakte Friluftsrådet. Leigar kan leige for maksimalt syv dagar i tida mai t.o.m september. Leigetid kan utvidast dersom det ikkje har meldt seg andre leigetakere. Avbestillingsfrist er 30 dagar før leigedato.

Nøkkel hentes siste arbeidsdag før og leveres første arbeidsdag etter leigedato. Leige må være betalt før nøkkel vert levert ut.

Nøkkel til huset kan ein få etter avtale, på Friluftsrådets kontor eller på kulturkontoret i Austevoll (tlf. 56 18 03 00).